

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: V.Slidre.

Emne: Transport av høy.

Bygdelag: Øyebrygde i Røn.

Oppskr. av: G.Kirkevoll.

Gard: Kirkevoll.

(adresse): Jomfrubraatvn.25,  
Bekkelagshøgda.

G.nr. 66 og 67 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. For det meste.Gartner 56 aar.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Mykje er og etter far og mor- fødde i 1857 og 1862.

## SVAR

1) Med umsyn til transport av høy so har det vore skilnad paa mindre bruk, øg husmannsplassar og større gardar.

For 70-80 aar sidan hadde som oftastkvar gard ei eller two smaa løor i utmarken, til dels temmeleg langt til skogs. Dei fleste husmenner hadde og si løo i skogen og fleire hadde two. Sjølv hadde me two løodor i skogen. Den eine var nesten uppe paa flataasen. Den kan eg ikkje hukse i bruk. Men ikring den andre slo me til umlag 1912. Desse lødone var smaa. Dei kunne ta 3-4 vinterlass. Dei sto paa ei slette eller glenne i skogen som ei tid hadde vore rydda. Rundt ikring vart det sleige gras og rispa lauv, helst suljolauv. Um hausten vart det raka lauv paa bakka (ospelauv).

Ulse - ein gard i Øyebrygden- hadde i si tid 7 husmannsplassa. Dei fleste av desse hadde sine slettor i skogen og sine løodor, som alle var burte før mi tid. Far fortalte meg kvar desse slettone og lødone laag. Det var ganske interessant. - Det var og utmark( som laa i skogen) som var innjerda. Der blir det sleige enddaa, um det er tid. Men all utmark som ikkje er gard ikring vart nok slaatten slutt for umlag 40 aar sidan og meir. Folk tykte det vart sleige ned mykje granplantor med det. Og lite høy vart det og. Men mange sette nok pris paa det høyet um det ikkje vart so mykje av det. Eg kan hukse ei samtale med ein granne .

Ola Semleng og far som meinte at det gjekk so mykje tid med denne haskeslaatten (skrapslaatten) at det lønte seg krent. Ola svara: "Tenk om du vart førlaus til vaaren og maatte kjøpe dette føret, kor mykje vilde ikkje det koste?".

I V.Slidre (andre stader og) var det two slags utmarksslaatt. Den i heimteigene (heimaasen) som laag nokso nemme bygden. So var det ønning i sameigun (statsaalmennung). Der kunne innen taka til aa slaa før Larsokdagen (10/8). Det var mest folk fraa mindre gardar og hussmannsplassar som slo i sameigun. Endaa det heite sameige so var det ein gamal skikk at bestemte gardar og plassar hadde sine myrslaatter og finntøppslaatter. Myren hadde vanleg namn etter mannen eller garden som brukte aa ha den myrslaatten. Paa ei og annan størmyr var det um aa gjera aa koma fyrst Larsokdagen og ringe inn eit bra stykke med ei "skaar", eller seta paa ei "kløyving" (two skaare midt gjennom eit stykke) som merke paa at daa var det hans.

Dei som ikkje hadde nest drog ned føret fraa heimaasen paa skikjelke. Men fraa sameigun kjørde dei med nest. Det var ein eller annan som kjøyde for dei. Eller dei fekk laane seg nest aa kjørde sjølv. Ofte kom det so mykje sno um vinteren at dei maatte draga føret heim paa skara paa skikjelke. Det var eit slitt og ikkje heilt ufarleg sume tider. Men dei kunne skjemte likevel um dauden ikkje var langt burte. Ut paa vaaren for umlag 60 aar sidan skulde Ola Tørisen paa Haga og Nils Hamarsneshaugen til Murkelie etter før. Dei drog paa skikjelkar og maatte over ~~ein~~ Vadset-isen. Det var so langt paa vaaren at isen saag stygg og usikker ut. Ola som stamma lite sa so: "E - e - e, trur mə gaa uss ned her". Nils vara ganske longt: "Aa-ja, mə har mat med uss". Nils var kjend for sine kjappe og humoristiske svar. - For 80-90 aar sidan var dei husmann Svein Skute som kjørde heim før fraa two støla, mose og størr fraa sameiga og ved fraa skogen med uksar.

3.

Han held paa med dette i lengre tider og blt upp oksane sine sjølv ~~ein~~ fek namnet "Skutebrunin". Ola Fosheim (storgard) kjøpte eine oksen av Svein. Skutebrunin var so sterk at han drog ein stokk fraa Dulpen og burt paa sagi som ingen nest greide dra. Ola kjøpte paa sama tid ein okse fraa Køllo i Ulnes. Ein vinter kjørde dei heim alt ~~frø~~ føret fraa Ny-støl og til Fosheim med desse two oksane. Ola Fosheim hadde nestar nok, men han hadde hug til aa prøve alt. Oksane vart ikkje skodde. (Dette er fortalt av far).

2)

Føret som vart slege vart bore fram til utløa i reip elær svulk (børsvolk) Ved løa var det ei større slette og der vart føret turka fraa stader det var mindre sol.

Svulken var laga av ei passeleg grov bjørkebuske eller vier paa umlag 3 m. I toppen var det att nokre kvistar, men nedover var kvistane avspikka. Ein passeleg grov bjørkekvist paa umlag 1 m. vart lagt med toppenden eit stykke inn paa toppen av den lange. (rotendane peika til kvar sin ende) Kvistane vart fletta mest mogeleg inn i kvarandre, so vred ein rundt tóppane med soli til det vart passeleg hardsnutt som eit grovt reip og gjorde ei lykkje (løkke) og snurra enden rundt nedover som ein gjer ein annan ~~spenn~~ vidjespenning. Rotenden av den minste kvisten fester ein ved aa stikke den godt innmed kvistane paa sjølve svulken. Ved aa bera i svulk spa ein paa reipi. Ofte hadde dei ikkje reip heller. Føret vart kjemba i kjembor med riva og lagt i svulken eller reipet. Smaatt før maatte kjembast godt skulde det henge saman. Naar børi var stor nok, sveipte ein endane paa svulken saman, drog grovenden gjennom lykkja og drog til. Var børi tung, som no oftast var, maatte ein hjelpe paa børi. Anten ved aa lyfte den opp paa ryggen til den som skulde bera. Eller den som bar satte seg ned paa bakenden. Daa vart børi berre rulla burt paa ryggen til beraren. Var børi tung so var det verst for ein komm paa føtane. Svulken eller reipet vart lagt pa

4

Hjelparen stod alltid bak naar han skulde hjelpe paa børi.

Det var karane som bar føret. Barna maatte nok vera med til hjelpe til med eit og anna fraa dei var ganske smaa. Dei kunne rispe lauv og rysskje grasdoddar innmed busker og tre. Eller dei var med raka med ei liti rive. - Løypestrenger har vore brukt i Vang, Valdres, men ikkje i Slidre. Store teinor laga av kløyvde bjørk eller vierteinar (kan hende derav namnet teinor, bygdemaal teine, teina, teino, teinudn) vart brukt til aa bera graset i naar ein grasa med skjøro etter skigardar, steinrøysar eller bekker. Det er og slutt med for 40-45 aar sidan. Det var rispeteino, vøndleteino og kløvteino. Dei siste bruktest til aa kjøre kløv i paa hesteryggen fraa stølane. I vøndleteina bar dei vøndlær (høydotter) til kyrne. Rispeteinone var til aa rispe lauv 1. - Dei som laga teinone heite Teinemakara. - Kløvteinone hadde trebotn med two sterke vio- (viohemper) noko speningar paa kvar langside paa teina næk ovanfor midten.

Dei var avlange (umtrent ovale) og umlag  $\frac{1}{2}$  m. høge.

Vøndleteine og rispeteine kunne vera ganske like. Dei hadde sama botnen som i sidone og hadde ei vionempe på midt paa teina som var meir rund enn kløvteina.

Aa bera før paa to stenger har eg ikkje sett i Slidre, men i Skjaak, Gudbrandsdalen var det ikkje so lite brukt.

Paa two slike stenger kan ein bera ganske mykje. Dei eg har sett har vore utan tverrstenger. (tverrtre)

I Valdres heite det "sleafløg" um byggen paa sleameien.

Likeso heitte det skifløg (skibrette). Fløg er godt namn.

Det er noko vil fløge oppover.

3)

Høyet vart før støtt kjørt heim paa vinterføre. I den seinare tid etter det vart gode veger til fjells, har dei take høyet paa lastebilar eller paa høyvogner. Ofte blir det bunta fyrst.

4.

I høyonna blir det brukt høyvogn (fire hjul) Før brukte

dei trestengd sleda. (Meiane skodd med bjørkestenger). Dei

vart kalla høyslede og hadde kar framma og bak- og julingstong.

Maal paa sledane kan eg ikkje hukse.- Hjulsleden hadde berre eit hjulpar paa midten som ikkje var svert store. Det hende dei sette eit hjulpar under vegmeiane paa ein vanleg slede og i ei snøggvending, naar dei t.d. skulde kjøre høy fraa seteren ut paa vaaren og føre var gaatt nede i bygdi. Dei maatte bruke baade slede og hjul.- Under vintersledane var det jarnstenger. Og paa sumarsledane trestenger. Det var helst stenger av bjørk, men kunne og vera av tett og hard gran. Sumarsleden vart ogso kalla "trestenging" - eller kjøre paa trestengt.-

Den tid dei toko reinmose ~~kil~~ brukte dei hekkji (grindar) paa sledane for elles vilde mosen dette av. Hekkjidn var laga av ganske tynne sprinklar i ei ~~ka~~ treramme til aa seta paa sidone av sleden. Trestenging (sama sleden) vart brukt baade til høy og lokjøring. Sidan vart vanlege høyvogner brukt til det sama.- Eg har ikkje hørt um forbod mot bruk av sleda eller vogn, men derimot forbod mot aa bruke "haldar" paa kjerrone. Ein stav med two jarklør i nedre enden som hang under kjerra. I ein bakke naar hesten stana og slepte kjerra litt attende tok haldaren med klørne ned i bakken og held kasset so hesten slapp aa halde. Han fekk kvile betre.

Desse haldarane grov upp vegen vart det sagt. Paa sledane som var jarnstengde var det og ein haldar i bakre enden paa eine meien.

Ei liti historie vil kanskje forklare meir um haldaren. P.M. Søegaard har i 1868 skrive ei bok "I Fjeldbygdene". Han var oppvachsen i Vaaga og vart seinare sorenskriv ar i Valdres. Hans far var prest og fekk eit anna kall i Setesdal. Ved fløtinga var dei innum Kristiania. Og guten tok seg ein tur upp mot Ekeberg. Medan han sat og kvilte kom ei vogn med tre hesta oppover. Det var ei dame og tre herra i vogn. I ein bakke skulde nestene puste (kvile) "men idet vognen seg tilbage, brast Gaffelen nesten idetsamme den

greb fat i Jorden. Herrerne sprang strax ud, idet de spurgte  
Kusken, hvad der var paaferde, men førend denne kunde svare, raaabte jeg:  
"Haldaren rauk sund!" Herrerne saa forundrede paa mig, idet  
den ene sagde til den anden: "Jai tror, ved God, det er en islandsk  
Dreng." Damen som blev siddende i Vognen, bemærkede, at jeg  
maaske var svensk, og for at komme paa det rene hermed, spurgte  
hun mig, hvorfra jeg var. "Høgt ovante fraa dalom," svarede  
jeg. "Hvilket barbarisk sprog!" udbroed en af Herrerne. O.s.b.  
Historia er fraa umlag 1830, daa Søegaard kom til Valdres i  
slutten av juli 1843. - Eg har forreisten høyrt at vogn og  
kjærrehjul maatte ha ei viss breid paa skoddningen. Men meir  
om dette veit eg ikkje.

Naar ein kjørde høy eller korn fraa jorde brukte ein  
berre julingsstong til aa halde høyet eller kornet fast paa  
sleden. Julingsstongi (eller julingsstong, det var vel stong og  
ikkje tong) var heller lite lenger enn sleden og maatte vera  
ganske sterke og helst lite bøygda so ho ringa seg etter lasset.  
Ho var festa med sterke viospeningar i framkaret paa sleden.  
I bakre enden var det bora i two sterke, stutte trepinnar umlag  
ein  $\frac{1}{2}$  tomme fraa kvarandre. Millom desse pinnane skulde reipet  
gaa naar ein jula lasset. Det var um aa gjera aa leggje opp  
julingsstongi beint. Likeso maatte ein sjaa etter at lasset  
ikkje vart jula skakt naar ein drog til. Det skulde ikkje mykje  
til før lasset seig over paa eine sida og vilde velte av.  
Reipet ein jula med var festa i bak-karet paa sleden slik at  
paa eine ~~SIKK~~ enden av karet var det ei reipsneld. Og i andre  
enden var festa den enden av reipet som ein jula med. (drog  
til med). Naar ein skulde jule sløngde ein fyrst reipet over  
enden paa julingsstongi framanfor dei to pinnane (som held rei-  
pet paa plass). Enden paa reipet smetter ein gjenom reipsnelda  
og deretter over julingsstongi millom dei two pinnane. So kan  
ein draga til det ein kan, slenge tilslutt eit par kast av  
reipet kring enden av julingsstongi og tek eit tak ned i

reipshelda og gjer kappmello, som siste laasing paa reipet. Kappmello er ei knyting av reipet paa endane paa reipshelda som ikkje gaar opp att.- Reipshelda er av tre. Den kunne vera laga av sjølvvaksen brisk eller av ei grankrøkle. Men mest var dei ringa av yttre laget paa bjørken, so sevjelaget kom ytterst paa helda. Vyrkje maatte liggje i bløyte ei stund so var det lettare aa bøygje. Helda var for det meste laga av eit stykkje. Men kunne og vera laga av 3 deler, slik at det stykket som reipet gjekk paa snudde rundt paa ein sterk jarntein som gjekk gjennom. Det var lettar og dra til og spa paa reipet.- I seinar tid har det vore laga heldor av jarn eller bøyg til av jarnrøyr. Men dei er ikkje so gode og slit meir paa reipet. Reipsheldene var dei sama til julingsreip og berereip.

Eit vinterlass var mykje større enn eit summarlass. Vinterlassi vart kjørde lange vegar opp til 2 og 3 mil. Og det vart brukt two dagar paa turen so det var um aa gjera aa faa med nest mogeleg. Det var nesten ei liti kunst aa lesse eit stort og godt vinterlass. Det skulde vera baade mest mogeleg breit og høgt og ganske firkanta med skarpe kanta.

- 5) Nokon fellesslaatt trur eg det ikkje har vore. Høyet fraa utslaattone i heimaasen vart ofte liggande til sist paa vinteren. Men skrapønninge som størr og finntøpp vart kjørt heim paa fyrste snødøtto. Dette skrap-føret maatte nyttast opp først paa vinteren og framover. Likeso vart reinmosen kjørd heim paa fyrste snødøtten.- Høyet fraa langstølane som var verst aa brøyte veg til maatte ein helst taka før jol, før snøen vart for stor. Høyet fraa heimstølen tok nokso langt ut paa vinteren. Alle hadde ikkje so bra plass heller.- Naar vegane skulde brøytaast vart det avtala at alle maatte vera med. Slike brøytingar kunne vera harde baade for folk og nestar. Det kunne ogso koma uver. Daa var det nestar som vart sett fyre som var sers gode til aa ta vegen. Det hende dei maatte tulle seg inn i skinnkjolen, leggje seg paa

sleden og lata hestane gaa. som dei vilde. Ein gong for lenge sidan skulde dei etter høy til eit stølslag som heitter Strø .(Fraa først i Slidre). Opp paa fjellet kom uveret so tjukt at dei sag ingen ting. Ei liti graa merr fraa Ste'e (ein gard) vart sett til aa gaa fyre.Karane maatte legge seg paa sledane.Og framover gjekk det umikkje akurat so fort.Men langt um lenge tok merre XXX som gjekk fyre til aa knegge.Daa var dei framkomne.Men uveret held fram,og karane hadde lite mat med seg.Mannen fraa Sté e slog stort paa det og spotta og sa:"So lengi du har raad til blaase so lenge har eg mat i bumba".Men det gjekk hart inn paa maten til alle for dei kom seg til bygdi att.

Ein mann som skulde til ein støl som heiter Soleikrudn ogso først i Slidre SKULDE fraus ihel fordi han hadde ikkje faatt gjort seg upp varme.Det var den tid dei slo varme. Det synte at han hadde prøvt til aa faatt det til aa brenne i nevveren ogso,men so hadde det slokna att for han. Det var ikkje fyrste gongen slikt hende. Difor vart nevvere kalla ein "manndrabber". - Dette har mor fortalt.Ho var fraa Lomis-bygden i Slidre.

Naar høy skulde hentast fraa langstolen maatte ein vera uppe tidleg.Det var lang veg.Og lasset maatte lessast same dagen so ein kom fram.Dagen etter var det aa kjøre lasset heim. All reidskap og allt som skulde brukast maatte vera i god stand.God mat og bra med mat maatte mannen ha med seg. Var det brøyting so vart det ofte mykje mørking. Me hadde ~~k~~angstøl som laag noko før seg sjølv.Far maatte ofte bruke hestetruga.Det gjekk bra naar hestane kunne bruke dei,men ikkje alle greide det.Naar ei endeleg kom fram var det aa faa lest lasset og jula det godt.Ein maatte ha gode umblogo og gode umblogoreip. Umblogo var 8 eller 10 umlag 4 m.lange bjørkestenger .Dei var ein tumme eller slikt.

i rotenden. I toppen var det ein liten spening. Naar lasset var lesst og julingsstongi var godt jula, la ein paa umblogudn. I grovenden paa umblogudn var det spikka eit djupt hakk, som skulde halde umblogo fast naar ho vart stukken innmed framkaret paa sleden og bøygde bakover (ringa etter lasset) Det maatte vera 4 eller 5 paa kvar side av lasset. Umblogudn skulde halde saman føret paa lasset. Fjellføret var smaatt og maatte lessast og pakkast godt skulde det hange saman til bygdars. Umblogone vart stramma gjennom speningane med eit reip som var festa i bakkaret paa sleden. Dei maatte vera godt og jamt fordelt paa sidone av lasset. Og den ~~næsakkne~~ nederste umblogo maatte vera ganske laagt; for der røynte det hardast paa. Til slutt vart det kasta rundt det heile two sterke og gode reip som vart godt omhyggeleg jula. So vart lasset velta upp og sidone under vart godt avkjemba med rive. Likeso det vart stappa godt innunder umblogo og elles rundt ikring. Slik stod lasset til um morgon. Daa bar det også opp tidleg. Etter ein hadde kjørt eit stykke av vegen maatte ein ofte jule upp att lasset. Svedalen var siste stykket av aasvegen. Her var vegen ganske flat. Og sist paa vinteren vart denne vegen so stauput. Det vart djupe buljedalar og toppar so var sers leit aa koma gjennom. Det kom at naar lassi først tok til aa grava vart det straks verre og verre. Vart det for ille maatte alle ut med hakker og spader for <sup>fylle</sup> aa faa hakka ryggane av og ~~ta~~ dei ned i dalane.